



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Informasjonsbrosjyre om  
inntak av

# potensielle toppidrettsutøvarar

Gjeld tilbod i Sogn og Fjordane



november 2008

[www.sfj.no](http://www.sfj.no)





# POTENSIELLE TOPPIDRETTSUTØVARAR



**Ordninga gjeld berre fylkeskommunale tilbod i Sogn og Fjordane**

## Definisjon av potensiell toppidrettsutøver

*Framtidige toppidrettsutøvarar skal kunne dokumentere at dei driv prestasjonsutvikling ved å følge ei langsiktig utviklingstrapp som tek sikte på å føre utøvaren fram til internasjonalt toppidrettsnivå. Utviklingstrappa skal med utgangspunkt i særvidretten sine spesifikke arbeidskrav, beskrive alle element som inngår i ein heilskapleg utvikling av unge utøvarar.*

Sogn og Fjordane Idrettskrins vurderer og gjer formelt vedtak om kven som kan definerast som potensielle toppidrettsutøvarar og såleis kome inn under ordninga.

For at du skal kome inn under ordninga må du

- vere definert som potensiell toppidrettsutøver etter vedtak frå Sogn og Fjordane Idrettskrins
- kunne dokumentere tilrettelagt opplegg.



Du som tilfredstiller krav til potensiell toppidrettsutøver kan få plass på

- eitt av tre søkte vidaregåande trinn ein (Vg1)
- vidaregåande trinn som byggjer på tidlegare trinn som søkjaren har gjennomgått

## Søknad

Går du i grunnskule eller vidaregåande skule får du utlevert søknadsskjema «Søknad for potensielle toppidrettsutøvarar» på skulen.

Følgjande skriftleg dokumentasjon må ligge ved søknaden

- Dokumentasjon frå Sogn og Fjordane Idrettskrins om at du har potensiale og resultat som viser at du kjem inn under definisjonen
- Avtale mellom klubb og fadder
- Stadfesting på at skulen kan legge til rette på det programområdet du er søkt på

Utskrift av web-søknad, søknadsskjema «Søknad for potensielle toppidrettsutøvarar» og andre vedlegg skal sendast i eitt eksemplar til opplæringsavdelinga innan **søknadsfristen 1. mars.**



### **Utvida tid i skule**

Dersom du kan dokumentere behov for utvida tid i skule frå 3 til 4 år, kan du søkje om det, under føresetnad av at det let seg praktisk gjennomføre ved den aktuelle skulen.

Følgjande skriftleg dokumentasjon må då i tillegg ligge ved søknaden:

- dokumentasjon på at den idrettslege aktiviteten er av eit slikt omfang at det vil vere fagleg ønskjeleg med utvida tid, dvs. dokumentasjon på aktivitet og fagleg tilråding frå skulen
- dokumentasjon på tilrettelagt opplegg, dvs. dokumentasjon på at ordninga med utvida tid let seg gjennomføre på den aktuelle skulen
- dokumentasjon på kva samlingar og konkurransar som kjem i neste periode

### **Utvida tid i lærebedrift**

Dersom du kan dokumentere behov for utvida tid i lærebedrift kan du søkje fagopplæringsnemnda om avvikande kontraktsvilkår. Det er ein føresetnad at både lærebedrift og lærlingen samtykkjer i dette avviket frå hovudmodellen.

Følgjande skriftleg dokumentasjon må då i tillegg ligge ved søknaden:

- inngått lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærebedrift
- dokumentasjon på at aktiviteten er av eit slikt omfang at du har trong for utvida tid i lærebedrift
- stadfesting på at lærebedrifta kan legge til rette på det programområdet/lærefaget du har søkt på
- dokumentasjon på tilrettelagt opplegg, dvs. dokumentasjon på at ordninga med utvida tid let seg gjennomføre på den aktuelle lærebedrifta

Du har sjølv ansvar for å skaffe og legge ved den nødvendige dokumentasjonen i søknaden til opplæringsavdelinga.

**Søknad utan godkjende vedlegg kjem ikkje inn under ordninga og vert handsama som ordinær søknad til vidaregåande opplæring.**